

## Budsjett 2010

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Vestlandsrådet vedtek budsjettet for 2010 slik det ligg føre

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## Saksframstilling

### Budsjett 2010

Vestlandsrådet sin aktivitet blir finansiert gjennom ein kontingent på kr 500.000 frå kvar av fylkeskommunane. Kontingensten blir auka med kr. 250 000 i 2010 for å finansiere ei stilling som sekretariatsleiari for rådet, jf sak 9/09. Inkclusiv finansieringa av denne stillinga har Vestlandsrådet såleis til saman 2 mill. kr årleg til rådvelde for aktiviteten sin.

Utanom finansieringa av sekretariatsleiaren er midlane føresett å gå til plan- og utviklingsarbeid, utvikling av politikkområde, arenabygging, marknadsføring og informasjonstiltak.

Det er ein føresenad at midlane ikkje skal gå til utviklingsprosjekt etter søknad eller utlysing. Slike prosjekt må bli finansierte av den einskilde fylkeskommunen eller av fleire fylkeskommunar i fellesskap.

Vidare er det vanleg praksis at kvar fylkeskommune dekker reise- og oppholdsutgifter i samband med møta over eigne budsjett. Dessutan at verksfylkeskommunen dekker utgifter til rådsmøta og faglege/sosiale aktivitetar i samband med desse.

Det er overført kr 1 731 861,50 frå 2009, jf framlagd rekneskap for 2009 i sak ??/10. Saman med dei avsette midlane for 2009, er det difor ca 3,7 mill. kr til disposisjon for rådet.

For 2010 føreslår fylkesrådmannen slik fordeling av midlane:

#### *Finansiering sekretariatsleiari*

Fylkeskommunen i det fylket sekretariatsleiaren bur vil få arbeidsgjevaransvaret for vedkomande. Det er føresett at Vestlandsrådet refunderer utgiftene for verksfylkeskommunen.

Det vert sett av 1 mill kr som skal dekke lønskostnader, sosiale utgifter, kontorhald, reiseutgifter m.v.. Denne summen kan justerast når vi får erfaringstal for dei reelle utgiftene med denne stillinga.

#### *Til disposisjon for generelle tiltak*

Det vert sett av kr 150.000 til disposisjon for generelle tiltak for rådet. Dette kan vere utgifter til informasjonsmateriell, internett, dekking av utgifter for foredragshaldarar, møteverksemnd (m.a. fellesmøtet med fylkesutvala), ekstrautgifter for AU m.v..

#### *Løyning NORA*

I sak 10/09 gjorde Vestlandsrådet vedtak om at ein ville medvirke til finansiering av samarbeidet i NORA. Årleg løyning blir å ta stilling til i den årlege budsjethandsaminga.

Fylkesrådmannen tilrår ei løyning på kr. 100 000 til NORA i 2010 og viser elles til Fylkesrådmannen sine vurderingar i sak 10/09 om medfinansiering NORA:

*Fylkesrådmannen ser det som ønskjeleg at Vestlandsrådet løyver kr 100.000 som del av ei nasjonal medfinansiering. Dette mellom anna for at NORA kan få auka porteføljen til aktivt prosjektsamarbeid i det Nordatlantiske området. Fondet som Nora disponerer burde ideelt sett ha vore større for betre å kunne utnytte potensialet som ligg her. I denne saka ser fylkesrådmannen likevel ikkje dette som tema for debatt no.*

*Fylkesrådmannen ser elles NOR A-samarbeidet som strategisk interessant. Dette gjeld både den geopolitiske plasseringa både i forhold til det auka fokuset vi i dag ser på nordområda generelt og i forhold til potensialet for auka samarbeid vestover mot den austlege delen av Canada. Men også tematisk er som sagt eit medlemskap i NOR A interessant; der NOR A sine satsingsområde bør samsvarer svært godt med strategisk viktige område for Vestlandet.*

*Fylkesrådmannen forstår det elles slik at den nasjonale medfinansieringa det no vert søkt om, er tenkt som ei fast finansiering framover. Fylkesrådmannen vil derfor invitere Vestlandsrådet til å gjere eit meir intensjonelt vedtak om årleg støtte, men med endeleg vedtak i samband med den årlege budsjettihandsaminga.*

#### *EUs maritime politikk og Vestlandet – trong for kartlegging*

Det blir i eiga sak til Vestlandsrådet i møte i Bergen 26 februar rådd til at det vert av inntil kr. 200.000 til kartleggingsarbeid av dei maritime og næringane inkludert FoU sektoren.

#### *EXPO 2010*

I tråd med eiga sak om EXPO 2010 i Vestlandsrådet 26 februar, blir det også her gjort framlegg om at Vestlandsrådet vil nytte midlar for å kunne realisere ei vitjing saman med næringslivet på Vestlandet til Shanghai i samband med EXPO 2010. Her er det likevel enno ikkje mogeleg å estimere eit eksakt sum slik at ein vil måtte kome attende til Vestlandsrådet i møte i juni 2010 for ei nærmare løyvingssak her.

#### *Andre tiltak*

Eksklusivt midlar til EXPO 2010, vil ein stå att med ca 2,25 mill kr som vil kunne nyttast til andre aktivitetar i regi av Vestlandsrådet i løpet av 2010, alternativt overførast til 2011. Vi har pr. i dag ikkje tilstrekkeleg oversikt over mulege behov som kan oppstå i løpet av året.

Det må likevel merkast at aktiviteten i rådet gjennom den nye samarbeidsavtalen har alt ført til auke. Sjølv om nivået på dei overførbare midlane er forholdsvis høgt, tilseier auka aktivitetsnivå at ein inntil vidare vel å oppretthalde budsjettetnivået og kontingensten.